

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
073/20	Formannskapet	PS	27.05.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nesbø	FE-033	20/478

### Orienteringssak

#### Framlegg til vedtak:

#### Formannskapet - 073/20 - 27.05.2020

##### FS - behandling:

Kommunalsjef kultur og oppvekst Bjørnar Fjellhaug orienterte om ulike saker.

- Fylkesmannen har sett tilsyn innan oppvekstsektoren på vent, men dette vert starta etter sommaren.

- Barnevern vert formelt flytta over til Alver frå 1. juni 2020, og dei tilsette har siste arbeidsdag i Austrheim fredag. Vil orientera meir om det økonomiske under formannskapet si budsjettssamling 28/5, mellom anna med tanke på kva som skal reknast som uføresette kostnader.

- Etter spørsmål frå Helge Dyrkolbotn (KrF) svara Fjellhaug at det er avtala at det skal vera tilgjengeleg kontor- og møteareal for barnevernet på kommunehuset i Austrheim. Dei skal ikkje ha faste kontordagar, men skal kunna ta møte og saksutgreiing her lokalt. Alle avtalar skal elles inngåast på nytt med Alver som erstatning for eksisterande avtalar med Austrheim kommune, som fosterheimar med meir.

- Jobbar med plan for skule, ikkje berre ungdomsskular men heile grunnskulen. Arbeidet tek med seg innspel frå rektorar, personale, tillitsvalde, Samarbeidsutval (SU) og Foreldrearbeidsutval (FAU). Så er det tanken at formannskapet skal legga den ut på høyring, og kommunestyret får den etter høyringa. Om dette sa Per Lerøy (AP) at det er bra at rettleiarteamet er involvert som eit uhilda organ. Om dette sa Helge Dyrkolbotn (KrF) at det er viktig å ha med seg SU og FAU tidleg i prosessen. Vidare sa Dyrkolbotn at det er viktig at dette ikkje vert nok ein rapport utan konklusjon, den må enda med eit tydeleg råd. Fjellhaug svara at ein no jobbar ut frå at det er politisk avgjort at det skal vera ein ungdomsskule, og så vert det sett på korleis dette skal samlast. Bjørn Inge H. Dyrkolbotn (SP) ba om at ein involverte ikkje berre hovudtillitsvalde, men også plassstillsvalde, her svara Fjellhaug at det vil gå ut til alle.

- Fjellhaug sa om skulesaka at kommunen har kontakt med Alver kommune som også jobbar med sin skulestruktur, og skal i løpet av hausten få på plass ein avtale for Alver-elever til Kaland for tida fram til Alver sin plan er klar. Om dette sa Morten Sognnes (H) at det er viktig for Kaland-skulen å få klarlagt dette samarbeidet med Alver, kva Alver tenker om dette, om dei til dømes vil ha elevane til

Lindås.

- Fjellhaug sa at det til hausten vert lovfesta rettar til "arbeidsmiljø" for born i barnehagen, med nye endringar i barnehagelova som er tenkt iverksett frå 1. august 2020.

- Fjellhaug sa at Fylkesmannen har innvilga midlar til skuleutvikling, om lag 400.000 kroner, dette er midlar til skuleutvikling og samlingar med personalet.

- Fjellhaug sa at rettleiarkorpset, ei ordning organisert av Utdanningsdirektoratet, er engasjert vidare til arbeid i Austrheim.

- Om arbeidet i skule og barnehage sa Per Lerøy (Ap) at det er viktig at ein involverer dei tilsette, slik at alle får kunnskap og høve til å komma med innspel. Rådmann Liv Løvvik sa at det vert jobba ut frå ein tanke om at alle skal få vera med og seia si meining.

- Fjellhaug presiserte at det er kommunestyret som er eigar av skule og barnehage, kommunestyret skal få årlege rapportar om arbeidet, og må så gje tydelege signal tilbake om kva ein ønsker å få gjort. Desse måla som kommunestyret har sett for verksemda i skule og barnehage, er det som ein skal rapportera på tilbake.

Kommunalsjef oppvekst og kultur Bjørnar Fjellhaug orienterte om sak: Region Nordhordland - prioritering av prosjektskjøn 2020

Har søkt om ein million kroner i støtte frå Fylkesmannen, til arbeidet med innlemminga av Austrheim/Fedje barnevern inn i Alver barnevern.

Ordførar Per Lerøy viste til at samarbeidet om barnevern nettopp var eit ønske frå Fylkesmannen, og at det var naturleg med støtte. Godt nøgd med at det er jobba for å få dette høgare opp på prioriteringsslista frå regionen.

Kommunalsjef økonomi og personal Odd Harald Dommersnes orienterte om økonomi.

- Austrheim kommune har ein kostnad på 3,7 millionar kroner i samband med Korona. Storparten av dette er eigen arbeidsinnsats. Kompensasjonen som er gitt er på 2,2 millionar, og ein ser at KS og Finansdepartementet står langt frå kvarandre i kva dette reelt sett kostar kommunane. I Austrheim er det også fallet i oljenæringera, som saman med Korona gjev fall i skatteinntektene. Skatteinngangen bremsa i mai, spennande på sjå kva som skjer framover.

- Om dette sa ordførar Per Lerøy (Ap) at ein no ventar på den varsle tiltakspakken, som skal gje både kommunar og fylkeskommunar midlar til å setta i gang prosjekt, og få ned arbeidsløysa i kommunane.

- Helge Dyrikolbotn (KrF) spurte om det var svikt i andre inntekter enn skatt, her svara Dommersnes at det er skatteinntekter som gjev størst utslag.

- Rådmann Liv Løvvik peika på at det utfordrande er arbeidsløysa, saman med skattesvikten. Om arbeidsløyse sa Per Lerøy (Ap) at denne no er på 7,6 prosent i Austrheim. Viktig at kommunen kjem ut med anbod på større og mindre prosjekt, slik at ein skaffar arbeid til lokale verksemder.

- Etter spørsmål frå Morten Sognnes (H) svara Dommersnes at ein per mai er 300.000 over budsjett akkumulert, og Per Lerøy følgde på med å seia at det var over budsjett tidleg i år, men 2,1 millionar etter budsjett i mai, slik at nesten heile forsprangen er vekke.

- Liv Løvvik sa at med denne utviklinga, og kompensasjonen på 2,2 millionar, vil Austrheim få eit

underskot på 6 millionar kroner i 2020.

- Dommersnes sa vidare at kostnadene til sosialstønad kan komma til å auka mykje med dagens arbeidsløyse.

Kommunalsjef økonomi og personal Odd Harald Dommersnes orienterte om avtalen med dei tilsette sine tillitsvalde med forbod mot utlandsreiser.

- Ser no at der endringar nasjonalt med ei oppmjuking av desse reiseråda. Har avtala med dei tillitsvalde at dersom det skjer store endringar så vil ein ta desse tinga opp til ei ny vurdering. Tillitsvalde ser at det er sårbart med lite folk. (Ingen smitte i kommunen per i dag).

Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme orienterte om tredje legestilling ved legekontoret. Har lyst ut med søknadsfrist 2. juni. Er stort press på legane, og har ikkje fått avvikla dei permisjonane dei har krav på. Ønskje å halda på dei to LIS-stillingane ein har i dag.

- Har lyst ut psykolog, som er lovpålagt frå 2020, fått ein søker. Fristen er 2. juni.

- Har tilsett ergoterapeut i halv stilling, i samarbeid med Fedje kommune.

Om tredje fastlekestilling spurte Inger Lise Brekke (H) om det vert jobba med å få ein kvinneleg fastlege, om kvinnelege søkerar vert favorisert ved tilsettinga. Etterlyste også meir informasjon tidlegare i prosessen. Monika Kvamme svara at ein ser problemstillinga, men må sjå på kven som søker. Om orientering underveis sa Kvamme at dette har skjedd raskt etter at Korona-situasjonen oppstod, og beklaga om det ikkje vart orientert meir underveis.

Etter spørsmål frå Brekke svara Kvamme at ein ser på ei flytting av arbeidsplassar frå legekontoret og til 2. etasje der barnevern og Nav flyttar ut. Er vanskeleg å overhalda smittevern, teieplikt med meir når det er så trøngt som det er på legekontoret.

Per Lerøy (Ap) støtta Brekke i at det burde bli informert meir og tidlegare om legestillinga. Støtta også innspelet om å få ein kvinneleg lege i tillegg til dei to mannlege som jobba der i dag.

Rådmann Liv Løvvik sa Korona-situasjonen har framskunda arbeidet med å få på plass ein tredje lege, i tillegg til at ein må få avvikla desse permisjonane.

Helge Dyrkolbotn (KRF) sa at det er politisk støtte til å få plass ein tredje lege. Må gjerne ha ein kvinneleg lege, men det må vera den best kvalifiserte.

Inger Lise Brekke (H) svara Dyrkolbotn med at det må vera greitt å prioritera ei kvinne for å sikra ei teneste til kvinner. Og om prosessen, det er semje om å få ein tredje lege men må likevel ha gode prosessar.

Kommunalsjef service og forvalting Thomas Lindås orienterte om byggesak på 157/60 og 157/81. På 157/60 er det gitt løyve til å bygga i tråd med formannskapet sitt vedtak 12. mai, tidlegare stoppordre er trekt og dispensasjon er gitt. Er nye ting frå Fylkesmannen i saka om garasjen på 157/81, der det no ser ut for at det må vera ei reguleringssendring som kan gjera garasjen lovleg. Den er ulovleg no. Ser det ikkje som ei kommunal oppgåve å starta reguleringsarbeid for dette. Asbjørn Toft sa at dette kan gjerast som ei mindre planendring, der ein flyttar byggegrensa ut i eksisterande veg, og ta inn den auka mønehøgda til huset på 157/60, slik at dette huset til dømes vil kunna reisast i same høgd om det skal byggast nytt.

Morten Sognnes sa at ein må komma til ei løysing her, det synspunktet fekk støtte frå resten av formannskapet.

Per Lerøy (Ap) sa at noko av problemet her er at reguleringsplanen ikkje stemmer med eigedomsgrenser, kva skuld har kommunen i dette? Asbjørn Toft svara at det er smale tomter, men på 157/81 var det mogleg å bygga både hus og garasje, utan å komma i konflikt med byggegrenser. Dette skjedde ved at det vart bygd utan å ta kontakt med kommunen. Det er grunneigar som må undersøka før dei byggjer.

Thomas Lindås sa at det nok er slik at villfarelse ikkje gjer uskuldig. Her er det også slik at vegtilkomsten forbi 157/81 til 157/60 no er godkjent, og om denne vert bygd vil ikkje ei reguleringsendring nødvendigvis kunna hjelpe, då garasjen vil ligga så tett på vegen at det ikkje vert trafikkmessig tilrådeleg.

Eit samrøysta formannskap stiller seg bak at kommunen tek kontakt med grunneigar (157/81) her om å gjera ei mindre reguleringsendring.

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om arbeidet med å sikra tilgang til elektrisk kraft. Det er etablert eit ringsystem i regionen med Kollsnes som mål, der det er bygd ei ny 300 (420 KV) linje frå Steinsland via Matre, Mongstad til Kollsnes. Her har regionen stått bak arbeidet, men det var ein føresetnad at denne krafta skulle brukast lokalt og ikkje til Nordsjøen. No har NVE gitt løyve til at det kan trekkast kraft frå denne linja til elektrifisering i Nordsjøen, og når ein tek med at Equinor sitt kraftvarmeverk på Mongstad er stengt, så er det lite kraftoverskot igjen i regionen. Jobbar med kontakt opp mot Statnett/NVE for å sikra auka straumtilgang i Nordhordland, då må det gjerast investeringar for å auka effekten frå 300 til 420 kV. Statnett har ein plan om dette innanfor ein tiårsperiode, men dette har ikkje regionen tid til å venta på. I dag vil det ikkje bli gitt løyve til kraft for etablering av ny kraftkrevjande industri i regionen. Jobbar på fleire plan for å påverka for ein fortgang på dette arbeidet, her står ein samla politisk i heile regionen inkludert Bergen, og har også med seg næringslivet, i å fronta dette inn mot Statnett, NVE og Olje- og energidepartementet.

Inger Lise Brekke (H) spurte om kva tidsperspektiv det er tale om, Per Lerøy svara at det beste ein kan klara er å få realisert tiårsplanen til NVE i løpet av tre år. Mange som kjenner seg ført bak lyset no, det var ein føresetnad at det ikkje skulle gå kraft til Nordsjøen frå denne linja, som vart etablert for å sikra elektrisk kraft til lokalt næringsliv.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein skuffa over situasjonen, men at med samla innsats må det vera mogleg å få til noko.

Inger Lise Brekke (H) spurte om ein må legga om næringsstrategien vekk frå kraftkrevjande industri, og over på andre næringar. Til dette svara Per Lerøy (Ap) at ein må ha litt is i magen. Vert jobba no for å få dette på plass, mellom anna med møte alt i veke 23.

Inger Lise Brekke (H) sa at denne krafttilføringa er viktig for å sikra at regionen kan ta del i det grøne skiftet.

Rådmann Liv Løvvik kom med ei gladnyhet: Austrheim går inn i 2020 med ein folkevekst på 0,42, der tilveksten kjem av nye barn.

Handsaming i formannskapet:  
Samrøystes for å ta orienteringane til vitande.

#### **FS vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

**Saksopplysninger:**